

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 05.09.2024

Vår ref.: 202320310-11 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Solgrid AS - Høyring av søknad med konsekvensutgreiing for Fyresdal solkraftverk – Invitasjon til synfaring og folkemøte

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har fått konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing frå Solgrid AS for Fyresdal solkraftverk. Anlegget er planlagt i Fyresdal kommune, Telemark fylke.

Frist for å senda høyringsfråsegn er 1. november 2024.

Søknaden

Solgrid AS søker etter energiloven § 3-1 for å bygga, eia og driva Fyresdal solkraftverk. Solkraftverket er planlagt med ein installert effekt på 14,8 MWp og ein forventa årleg energiproduksjon på 15,2 GWh, noko som svarer til årsforbruket til om lag 760 husstandar.

Planområdet for solkraftverket er på 300 dekar og består i dag av skog.

Søknaden med konsekvensutgreiing er tilgjengeleg på nettsidene til NVE:

www.nve.no/17230/A8.

Invitasjon til offentleg møte og synfaring fredag 20. september

NVE inviterer alle som er interesserte til å vera med på synfaring av planområdet fredag 20. september. Oppmøte blir kl. 14.00 på parkeringsplassen ved flytårnet på Fyresdal flyplass. Vi tilrår alle om å kle seg etter vêrforholda.

NVE arrangerer også offentleg møte same dag kl. 18.00. Møtet finner stad på bedehuset Betel, Skippergata 8, 3870 Fyresdal.

NVE vil orientera om behandlinga av søknaden. Solgrid AS vil presentera sine planar. Møte og synfaring er opne for alle.

Møte med lokale og regionale styresmakter

NVE vil ha eit eige orienteringsmøte for lokale og regionale styresmakter fredag 20. september kl. 12.00 i Fyresdal næringshage, Klokkehammaren 6, 3870 Fyresdal.

NVE vil orientera om behandlinga av søknaden. Solgrid AS vil vere til stades og presentera sine planar. Vi håper på brei deltaking frå politisk leiing og administrasjon i Fyresdal



kommune. Representantar frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Telemark fylkeskommune er med dette inviterte til møtet.

Høyringsfråsegn

I samband med høyringa av konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing ønskjer NVE innspel på mellom anna følgande:

- Kva meiner du/de om planane til Solgrid AS?
- Er konsekvensane godt nok greia ut?
- Forslag til justeringa av planane for å redusere eventuelle negative verknader av tiltaket

Høyringsfråsegn kan sendast via nettstaden til NVE for denne saka (www.nve.no/17230/A8), til e-post nve@nve.no (merk e-post med «Høyringsfråsegn 202320310» og legg ved namn/organisasjonsnummer) eller via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 Oslo.

Frist for å sende høyringsfråsegn er 1. november 2024.

Informasjon til kommunen

Vi ber om at Fyresdal kommune legg ut søknaden til offentleg ettersyn. NVE vil kunngjera høyringa, synfaringa og det offentlege møtet i aktuelle aviser. Vi ber også kommunen om å leggja søknaden og informasjon om det offentlege møtet ut på sine heimesider og ev. andre sosiale medium og å orientera aktuelle utelatne lokale velforeiningar, idrettslag, interesseorganisasjonar m.m. om høyringa.

Informasjon til tiltakshavar

NVE pålegg hermed Solgrid AS om å orientera naboar og tverrbuarar om høyringa. Med naboar meiner vi naboeigedom: eigedom som har felles grense med tomta til tiltaket, og med tverrbuareigedom: eigedom kor ein veg, gate, elv eller liknande ligg imellom.

Vi gjer merksam på at utgiftene ved kunngjering og møte i samband med høyringa av søknaden skal dekkast av tiltakshavar, jf. plan- og bygningsloven § 14-5.

Med helsing

Brynhild Resell
seniorrådgivar

Jo Arne Marvik
rådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

**Mottakarliste:**

Fyresdal motorsportklubb - Lars Inge Lauvdal
Vest-Telen modellflyklubb - Vegard Nordlien
Fyresdal travlag - Petter Hvistendahl
DNT Fyresdal Turlag - Sven Lie
Islandshestklubben i Fyresdal - Annveig Veum Aas
STATENS VEGVESEN
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
STATNETT SF
Meteorologisk institutt
FORNYBAR NORGE
NORGES NATURVERNFORBUND
Forsvarsbygg
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)
Norges Miljøvernforbund
Energidepartementet
Nasjonal kommunikasjonsmyndighet
Birdlife Norge
Luftfartstilsynet
Norskog
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
AVINOR AS
Mattilsynet
NHO Reiseliv
Zero Emission Resource Organisation AS
Fyresdal kommune
Norges Skogeierforbund
Norsk solenergiforening
Landbruksdirektoratet
Norsk Luftambulans AS
Norges Televisjon AS
Norsk Friluftsliv
NORGES LUFTSPORTFORBUND
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR
TELEMAR NETT AS
OFFSHORE NORGE AS
TELEMAR FYLKESKOMMUNE
NHO LUFTFART

Kopimottakarliste:

SOLGRID AS